

**KONTROLLUTVALET I
NORDDAL KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 10. juni 2013
Møtestad: Rådhuset kl. 09.45

Møtet vart leia av: Jon Kåre Løvoll

Elles til stades: Solveig Linge Stakkestad, Turid Aspehjøll, Svein Vidar Normann og Arild Nærø

= 5 voterande

Olav Løvoll hadde meldt forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen og revisjonsrådgjevar Kurt Løvoll.
Dei to frå kommunerevisjonen forlet møtet under sak 11/13.

Det vart meldt inn to saker under eventuelt.

**SAK 08/13
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 21. JANUAR 2013**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 21. januar 2013 blir godkjent.

**SAK 09/13
ÅRSMELDING 2012 – NORDDAL KOMMUNE**

Innstilling datert 03.06.2013 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet tek årsmelding 2012 for Norddal kommune til orientering.
2. Kontrollutvalet presiserer at årsmelding er levert etter fristen som er den 31. mars 2013.

SAK 10/13

KOMMUNEREKNESKAPEN 2012 – NORDDAL KOMMUNE

Innstilling datert 03.06.2013 frå kontrollutvalsekretariatet

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

1. Norddal kommune sin rekneskap for 2012 blir godkjent.
2. Innan enkelte tenesteområde ligg det føre overskridingar i forhold til vedteke budsjett og kontrollutvalet vil presisere at årsbudsjettet er bindande, jf kommunelova § 47.
3. Kontrollutvalet vil presisere at kommunerekneskapen er avlagt etter fristen som er den 15. februar 2013.

SAK 11/13

REKNESKAP 2012 – NORDDAL EIGEDOMSELSKAP KF

Innstilling datert 03.06.2013 frå kontrollutvalsekretariatet

Solveig Linge Stakkestad reiste spørsmål ved eigen habilitet og forlet møtet. Ved votering vart Solveig Linge Stakkestad samrøystes erklært habil.

Solveig Linge Stakkestad tok sete.

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

1. Norddal eigedomsselskap KF sin rekneskap for 2012 blir godkjent.
2. Kontrollutvalet presiserer at rekneskapen til føretaket er levert etter fristen som er den 15. februar 2013.

SAK 12/13

FORESPØRSEL TIL KONTROLLUTVALET FRÅ RÅD FOR LIKESTILLING AV FUNKSJONHEMMA OG ELDRERÅDET

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 03.06.2013

Rådmannen var invitert til møtet, men kunne ikkje møte. Det vart derfor ikkje gitt noko nærare opplysningar om kommunen sin praksis i møtet. Kontrollutvalet ønskte å få saka vidare og ba om oversending til kommunestyret som orienteringsak.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Saka blir oversendt kommunestyret til orientering.

SAK 13/13**FORESPØRSEL TIL KONTROLLUTVALET FRÅ NORDDAL ELDRERÅD VEDK.
SAL AV NORDDAL OMSORGSENTER**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 07.06.2013

Rådmannen var invitert til møtet, men kunne ikkje møte. Det vart derfor ikkje gitt noko nærare opplysningar om kommunen sin praksis i møtet. Kontrollutvalet ønskte å få saka vidare og ba om oversending til kommunestyret som orienteringsak.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Saka blir oversendt kommunestyret til orientering.

SAK 14/13**OM BYGGELØYVER I KOMMUNEN (saka kom opp under eventuelt)****Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Det blir vist til sak 07/13. Kontrollutvalet er interessert i handtering av byggeløyver i kommunen og vil kome tilbake til dette i eit seinare møte.

SAK 15/13**MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2. HALVÅR 2013 (saka kom opp under eventuelt)****Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Dagleg leiar får i oppgåve å utarbeide eit forslag.

Jon Kåre Løvoll
leiar
(sign.)

Solveig Linge Stakkestad
nestleiar
(sign.)

Turid Aspehjøll
medlem
(sign.)

Arild Nærø
medlem
(sign.)

Svein Vidar Normann
varamedlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Norddal kommune

Dato: 07.10.2013

**SAK 17/13
VEDKOMANDE TOMTESAL B5 NERHUS**

Som vedlegg følger:

- Brev datert 23.07.2013 frå Mette Marie Døving
- Brev datert 04.09.2013 frå fylkesmannen i Møre og Romsdal
- E-post frå rådmannen datert 5. september 2013

Kontrollutvalsekretariatet har kontakta kommunen for å innhente reglement for tildeling av tomter for Norddal kommune. Ein har fått opplyst at det ikkje ligg føre slikt reglement.

Av kommunens delegeringsreglement går det fram at tildeling av kommunale tomter er delegert til rådmannen.

Dette synest vere ei sak som ligg innanfor kontrollutvalaet sit kompetanseområde. Kontrollutvalet bør ta stilling til om ein skal ta saka.

Harald Rogne
dagleg leiar

Til Norddal Kommune

Ang. Tomtesak B5 Nerhus,FS-074/13.

Klager herved på saksgang og påpeikar også direkte feil i fleire argument i saka. Kommunen meiner at eg ikkje har klagerett. Men Fylkesmannskontoret er av ei heilt anna meining, full klagerett.

Meldte meg som fyrste kjøpar til tomt B5, etter kommunen sine reglar var det ingen tvil. Fekk først muntleg tilsagn, så seinare skriftleg.

Sitere her rådmann:"Praksis ved tildeling av tomt er at den fyrste av dei interesserte som melder ifrå at dei ynskjer å kjøpe tomta, får tilslaget på den."

Dei andre som også har vore interessert fekk beskjed at om dei søkte innen to dagar skulle dette behandlast i formannskapet. Kvifor vart dei innvitert med når saka var opplagt?

Kommunen har ingen plikt til å melde frå at her var andre kjøparar. Kva mad alla andre som har sett på denne tomta? Her vart det frå starten av lagt opp til ei klagesak.

Har vore i kontakt med avd. for kommunal styring hos Fylkesmann, dei var sterkt i tvil om her i det heile var klagerett.

Saka kjem så opp i formannskapet. Det fyrste møtet vart utsatt uten grunngjeving. På neste møte to dagar seinare kjem det forslag om å tak klaga til følge. Og det av ein person som meldte avbud på det fyrste møtet. Det er lov å spørje om dette var tilfeldig.

Formannskapet har her sett kommunen sitt eige regelverk til side.

Har også fått signaler frå fleire hold om at det har vore arbeida hardt mot oss i kulissane. Ei slik sak må avgjerast etter reglar og på ærleg grunnlag.

Eit argument har vore at det var uvisst kven som søkte først. Her kan det ikkje vere tvil, det står tydeleg i sakspapira. Eg søkte 27.05 og dei andre to dagar etter, då dei fekk vite at her var andre søkjara.

Så er det påstandar om at det ikkje alltid har vore førstemannsregelen ved tomtetildeling. Det er også feil, rådmann har fullmakt til å tildele tomtar etter kvart som det vert søkt. Dei tillfella dette ikkje har vore praksis, er når det det vert lagt ut mange tomtar, då er det er ein søknadsfrist og loddtrekning. Alltid ellers er det førstemannsregelen. Her må ein gå etter reglar, og dei skal vere lik for alle. Kven kan avgjere om den eine er meir interessert eller har meir bruk for tomt enn andre? Då må det i tilfelle vere administrasjon som har kontakt med partane som kan avgjere det, ikkje politikarane.

Eit anna argument er at det har vore ulik informasjon. Det er kanskje rett, men partane har fått svar på alle sine spørsmål. Vi har spurt forskjellige, og dermed fått forskjellig informasjon. Og om administrasjon har gjort noko feil skal ikkje det gå ut over meg.

Når ei sak vert omgjort slik som denne har eg krav på ei utfyllande forklaring. Henvende meg fyrst til rådmann, fekk ingen konkrete svar. Så til kommunen v/ordførar, spørsmålet vert då oversendt til Vesterheim som saksbehandlar. Men det er formannskapet som har omgjort saka, så det er dei som må svare på dette.

Slik som eg oppfattar saka meiner eg at kommunen har brukt sitt eget regelverk feil. Med det resultat at andre har fått tomta som eg fyrst fekk tildelt. Meiner at det er begått feil i saksgangen, og at både den og vedtaket må granskast. Dersom ikkje det vert gjort vurderer eg å forfølje saka juridisk.

Saka vert også sendt til kontrollutvalget og fylkesmannskontoret.

Mvh.

Mette Marie Døving

Mette Marie Døving

Tafjord 23.07.2013.

Kontrollutvalget i Norddal Kommune

V/ Jon Kåre Løvøll.

Sender sakspapir ang. klage på saksgang av tomtetildeling
i Fjørå.

Kontrollutvaget bør ta denne saka på alvor, da det gjeld
rettferdig behandling av kommunens innbyggere.

Mvh.

Mette Marie Døving.

Mette Marie Døving

Tafjord 23 07, 2013.



Mette Marie Døving

6213 TAFJORD

Norrdal kommune - tildeling av tomt - klage - Mette Marie Døving

Fylkesmannen viser til brev av 23.07.13 vedrørende klage på tildeling av tomt B5 Nerhus i Norrdal kommune.

Kommunen har den 11.06.13 gjort vedtak om tildeling av tomt, og samstundes opplyst om klagerett på vedtaket. Vedtaket vart påklaga, og denne klagen vart behandla av formannskapet den 12.07.13. Klagen vart her tatt til følge, med det resultat at tildelinga vart omgjort.

Fylkesmannen er ikkje gitt mynde som klageinstans i saker som gjeld tildeling av kommunale tomter. Etter forvaltningslova § 28 vil klager på slike vedtak bli behandla etter internklageordninga i kommunen. Det er såleis det organet i kommunen som har mynde som klageinstans som treff endeleg vedtak i klagesaka. Fylkesmannen legg til grunn at formannskapet i Norrdal kommune er gitt slikt mynde, og vedtaket av 12.07.13 vil såleis vere endeleg. Dette kan såleis ikkje påklagast vidare til fylkesmannen.

Med helsing

Helge Mogstad (e.f.)
direktør

Bente Thornes Kosberg

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Norrdal kommune Rådhuset 6210 Valldal

Harald Rogne

Fra: Stig Holmstrøm <stig.holmstrom@norddal.kommune.no>
Sendt: 5. september 2013 12:36
Til: Bente Osvik
Kopi: Karina Vestrheim; Stig Holmstrøm; Bjørn Inge Ruset; iPolitikar Jon Kåre Løvoll; Jon Kåre Løvoll
Emne: Re: Tomt på Nerhus - klage

Karina skulle avklare dette med fylkesmannen, men eg har ikkje høyrte noko. Har du, Karina? Det kan vel ikkje klagast på vedtak i ei klagesak, men det er vel sjølve sakshandsaminga det vert klaga på, og då er eg ikkje sikker på korleis vi skal handtere det. Her har jo politikarane også gjort anna vedtak enn det som var rådmannen si innstilling, og det kompliserer noko. Vi må få klarheit i vidare saksgang snarast, Karina!

Sendt fra min iPhone

Den 5. sep. 2013 kl. 11:54 skrev "Bente Osvik" <beos@norddal.kommune.no>:

Lejar i kontrollutvalet Jon Kåre Løvoll ringte og viste til klage frå Mette Døving på tildeling av tomt på Nerhus.

Klaga er sendt kommunen, fylkesmannen og kontrollutvalet. Han meiner saka må opp i formannskapet og event. avvisast før fylkesmannen skal behandle saka.

Er de slik det er tenkt? Klagebrevet lå som referat til formannskapet 02.09 og vart tatt til orientering. Kva er den vidare saksgangen?

Mvh

Bente Klakkø Osvik

konsulent - Norddal kommune

Tlf.: 70 25 88 20/46 90 80 21

E-post: bente.osvik@norddal.kommune.no

Harald Rogne

Fra: Mette Marie Døving <mmdoving@gmail.com>
Sendt: 7. september 2013 08:18
Til: jokaaloe@online.no
Emne: Tomtesak

Til Jon Kåre Løvoll

Viser til brev frå fylkesmann v/Helge Mogstad.

Då eg snakka med Mogstad i sommar var han sterkt i tvil om dei som no har fått tomta hadde klagerett. Men var heilt klar på at eg hadde det. Så kjem det brev no om at vedtaket i formannskapet står ved lag og Vesterheim tolka det då som endeleg. Det er vel kanskje rett, men kva var då vitsen med å klage? Synest utsagna frå fylkesmannen motstridande. Og dei har då ikkje behandla saka, seier berre at dette er ei sak for kommuna.

Er også litt påfallande at saka vart lagt til side på møte mandag, så går det to dagar og det kjem brev frå fylkesmann. Var det nokon som alt visste om det?

Dette er ei sak med så mange feil i argumenta og så mykje rot i saksgangen. Må vi berre godta at det er slik? Synest det er utrulegt at formannskapet kan gjere slik utan følger. Og eg får aldri noko skikkeleg grunngjeving på kvifor saka vart omgjort, det har eg iallefall krav på.

Berlt Fredriksen som kom med forslag på å omgjere saka er både venninne og slekt med ho som fekk tomta.

Formannskapet og ikkje minst ho sjølv burde tenkt på om dette var rett. Ho bor no i Liadygda og skulle etter loven ha meldt flytting for lenge sidan.

Veit også at Jarle Hauge som er onkel til Reidun Vestre har vore sterkt innblanda.

Er det slik vi vil ha det? Skal kommuna vår verte styrt av "kameraderi" eller er det lover og regler som skal gjelde?

Vi må vel berre innsjå at vi har tapt saka, men godtek ikkje måten det har vore gjort på.

Har brukt mykje tid og energi på dette i sommar men kjem ingen vei, føler at ein vert helden for narr. Har også vurdert å få ein advokat å sjå på saka, men er usikker på nytta av det.

Håper at kontrollutvalget kan gjere noko.

Helsing
Mette Marie Døving

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Norddal kommune

Dato: 07.10.2013

**SAK 18/13
VEDKOMANDE BUDSJETT 2014 - NORDDAL KONTROLLUTVAL**

I medhald av § 18 i forskrift om kontrollutval skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet sitt forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet i kommunen skal følge formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Ettersom kommunen sitt kontrollutvalsekretariat og kommunerevisjonen er interkommunale selskap der selskapa sine budsjett blir vedteke av selskapa sine respektive representantskap, vil utgiftene i denne saka berre omfatte Norddal kontrollutval sine lokale utgifter. Desse utgiftene bør saman med dei utgiftene som er nemnt ovanfor leggest i det samla budsjettet for kommunen sitt kontroll- og tilsynsarbeid.

Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste til kontrollutvalet vil vere ein del av kommunen si godtgjersle til folkevalde. Desse utgiftene bygg på satsar vedtekne i Norddal kommune. Dette budsjettoppsettet vil dermed omfatte kurs, opplæringsutgifter og reiseutgifter.

Kursaktiviteten er moderat. Den viktigaste samlinga er den årlege kontrollutvalskonferansen. I tillegg kan det bli andre samlingar. Særleg kontrollutvalskonferansen er av ein slik kvalitet og har ein so stor informasjonsverdi at heile utvalet bør delta.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Budsjettet for kontrollutvalet si opplærings- og reiseaktivitet blir sett til 50.000 kroner.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Norddal kommune

Dato: 07.10.2013

**SAK 19/13
REKNESKAPSRAPPORT PR. 31.08.2013**

Som vedlegg følger:

- Rekneskapsrapport pr. 31.08.2013

Av budsjettforskriftene § 10 går det fram at det skal skje rapportering til kommunestyret om den faktiske utviklinga i inntekter og utgifter sett i forhold til dei inntektene og utgiftene som er ført opp i årsbudsjettet. Rapporteringa skal skje med jamne mellomrom og minimum to gongar i året. Ved tilstrekkelege avvik skal det settast i verk tiltak. Med tiltak blir det meint ikkje berre justeringar av dei oppførte inntektene og løyvingane som er nødvendige for å sikre/oppretthalde kravet om balanse i årsbudsjettet, men også mulige tiltak innanfor budsjettframmene som t.d. å endre innhald i det kommunale tenestetilbodet.

Rapporten si prognose viser eit meirforbruk på nær 3,3 mill. kroner.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar